

SABORG

Sammenslutning av alternative behandlerorganisasjoner

REFERAT FRÅ MØTE I SABORGs ARBEIDSUTVAL

Tidspunkt: Tirsdag 13. november 2012 kl. 15.00-17.30

Stad: Kiro Kompetanse sitt lokale i Kronprinsensgt. 5

Til stades: Kari Brøtmet (KB), John Petter Lindeland (JPL), Per Gunnar Swahn (PGS), Anita Hus (AH)

AGENDA

1. VAL AV REFERENT OG MØTELEIAR.

Vedtak: Møteleiar: Anita Hus. Referent: John Petter Lindeland

2. FORSKNINGSEMINAR OG KONTAKTFORUM.

Evaluering: Gode tilbakemeldingar og god stemning. I den store salen burde det vore lydanlegg – vanskeleg å høyra for dei som sat lengst bak. På forskningsseminaret burde ein hatt meir tid til ordskifte og eventuelt lengre tid for foredragshaldarar. Prøver å finna ein anna lokale til neste samling.

Bør styra unna veke 40 og 41 på grunn av haustferie.

Økonomisk resultat: Anders Jensen var ikkje til stades – info. kjem seinare. Vedtak: Dei som ikkje møtte og ikkje har gjeve melding, må uansett betala deltakaravgifta.

3. DIALOG MED POLITISKE PARTIER. Status.

Viser til www.saborg.no – Aktuelt. Legg ved referat frå NNH sitt møte med Framstegspartiet i Steinkjer.

4. MØTE MED HELSE og OMSORGS DEP. Evaluering.

Viser til utsendt referat.

5. ØKONOMI pr oktober 2012

Anders Jensen var ikkje til stades – info. kjem seinare.

6. DAGLIG OPPFØLGING kommende periode

Vedtak: Dagleg oppfølging frå 13. nov. 2012 til 8. jan. 2013: Kari Brøtmet. Ho tek også ansvar for e-postopprydding/oppfølging.

7. REPRESENTANTSKAPSMØTE 2013

Møtedato: 14. (førebudingsdag) og 15. (representantskap) februar 2013. Alle som har forslag til tema til den 14., kan senda dette til saborg@saborg.no

Frist for innkalling til representantsskapsmøte i Saborg er 4. des. 2012.

Møteleiar: C. Navelsaker. JPL tek kontakt.

Ansvar for å finna eigna lokale: JPL.

Ansvar for mat: Anders Jensen

Skriving av årsmelding: JPL

8. KONTINUERLIG FAGLIG OPPDATERING (KFO/CPD) – STATUS OG VEIEN VIDERE

Vedtak: Utsett.

9. GODKJENNING AV VEKS kurs

Det har kome ein del førespurnadar til Saborg om godkjenning av VEKS-fagkurs.

AU har svart tilbydarar at det er dei ulike medlemsorganisasjonane som må implementera Saborg sin fagplan i VEKS-fag i sine fagkrav og foreta vurdering/godkjenning av studieplanar.

10. SAKER TIL OPPFØLGING

a. Ekspertpanel i integrert medisin opprettet av Helse- og Omsorgsdepartementet.

Fått svar: Dette er eit initiativ som ikkje HO har noko med.

b. SABORGs avtale om ansvarsforsikring i Gjensidige. Anders Jensen avklarar avtalevilkår med Gjensidige. Kari Brøtmet distribuerer info til medlemsorg.

Vedtak: Utsett.

c. Tilrettelegging for journalføring.

Dokumentet "Veiledning vedr. dokumantasjonsplikt" ajourføres og forenkles. Anita Hus og Kari Brøtmet avklarar kapasitet og fremdrift.

Vedtak: KB får innspel frå organisasjonane når det gjeld praksis. Det blir etter kvart laga både ei kort handbok og ein kortversjon til bruk i praksis.

d. Vilkår for medlemskap i SABORG.

Utvikle retningslinjer slik at SABORG kan romme medlemsorganisasjonenes ulikheter samtidig som kvalitet og profesjonalitet opprettholdes.

Vedtak: Utsett.

Søknadskjema for SABORG medlemskap er ferdigstilt og vil bli lagt ut på nettsida.

11. Eventuelt

Internettsida til Saborg gjennomgått og nye idear/løysingar blei føreslått.